

### Referat frå møte i samarbeidsutvalet 29.04.2021

<b>Dok. ref.:</b>		<b>Møtedato/ Tid:</b>	29.april 19:00
<b>Stad:</b>	Teams	<b>Møtenr.:</b>	2/2021
<b>Referent:</b>	Odd-Erik Kjeldstad		
<b>Til stades:</b>	Susanne Nyborg, Marianne Turøy, Katrine Abelsen, Inga Grøm Sæle, Monica Fjeldstad og Elna Nybakk		
<b>Forfall:</b>	Elevrepresentantane		

### SAKSLISTE

Tema	Beskrivelse	Oppfølg.
<b>Faste saker</b>		
<b>Saker frå skulen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Driftssituasjonen. Rektor informerte om at skulen har vore gjennom en særskild krevjande periode, med mykje fråvær og fleire langtidssjukmeldte tilsette. Koronasituasjonen er ein del av årsaksbilete, og belastninga for dei tilsette har vore høg over lengre tid. Skulen ser samstundes at familiane er slitne og at kommunikasjonen er noko anspent som følgje av dette. Det har vore vanskeleg for leiinga å sikre god og forsvarleg drift med så mykje fråvær over tid.</li> <li>• Bruk av Transponder. Transponder er eit godt verktøy for kommunikasjon mellom skule og heim, men leiinga ser at vi må setje nokre rammer for bruken. Transponder er meint for å erstatte meldingsboka som tidlegare låg i sekken til elevane. No er verktøyet for mange utvikla seg nærmast til ei meldeteneste/chat mellom lærar og enkelte føresette. Så vert forventningane at det kjem raske svar fortløpande. Denne situasjonen er belastande for kontaktlærarane, og leiinga ynskjer ikkje at lærarane skal vere tilgjengeleg for foreldre døgnet rundt.</li> <li>• Nedtrekk i ressursituasjonen. Knappskog skule har for neste skuleår fått eit nedtrekk i ressursramma for neste skuleår på om lag 1,5 årsverk. Det til tross for at at elevtalet aukar. Antal elevar med vedtak om spesialundervisning aukar og. Rektor greia ut om kva det vil seie for skulen og at tilbodet som følgje av dette vil bli redusert. Ein del av kutta må takast på spesialundervisning og særskilt norskopplæring. I tillegg vert lærartettleiken redusert i klassane. Rektor informerte om at grunnlaget for ressurstildelinga i år er annleis, og at utgangspunktet for nedtrekket er</li> </ul>	Rektor vil ta dette opp på foreldre møte til hausten.

	<p>lærarnorma. Leiinga vil sjå på korleis vi kan få til gode løysingar ut frå dei ressursane vi vil ha i ramma til neste år. Det ligg inne eit nedtrekk på ei halv stilling på skulefritidsordninga sett i høve til inneverande skuleår. Foreldra uttrykte bekymring for situasjonen og ville ta saka vidare med kommunalt foreldreutval. Politisk representant formidla at den økonomiske situasjonen til kommunen er så dårleg at kommunedirektøren har fått i oppdrag å trekkje ned på antal årsverk. Men at det kanskje ikkje var meint at dette skulle råke skulen på den måten det ser ut til å gjere.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arrangement i vår. Koronasituasjonen medfører at skulen heller ikkje i år kan gjennomføre førskuledag og avslutning for 7. trinn på tradisjonelt vis. Katrine informerte om at førskuledagen vil bli gjennomført tilsvarende slik skulen gjorde det i fjor. To dagar og med eigen kohort frå Knappskog barnehage. Slik det ser ut no så vil avslutning på 7. trinn bli utan foreldre i skuletida. Skulen har planlagt skuleløpet til inntekt for barnekreftforeininga. Vi planlegg det litt seinare i vår i håp om at rammene vert endra til det betre. Løpet kan gjennomførast kohortvis.</li> </ul>	<p>Foreldra ynskjer å ta saka vidare.</p> <p>SFO-leiar</p>
<p><b>Saker frå FAU</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fau leiar følgde opp saka kring trafikksituasjonen og at dei no planla oppfølging i saka. Synnøve er på saka og dei håpar på kontroll ved hjelp av politiet. Fau og skule innser at situasjonen vil trengja fokus og oppfølging kontinuerleg.</li> <li>• Parkering. Fau ber om at tilsette ikkje brukar parkeringsplassen nede ved rundkøyringa. Kapasiteten er liten og den trengs til foreldre for å unngå parkeringar i rundkøyringa.</li> <li>• Fau jobbar med 17.mai, men feiringa vil og i år bli sterkt redusert. Vi ynskjer saman med skulen å få til markeringar i skuletida.</li> <li>• Mattemaraton. Fau løfta tiltaket som positivt og vil sjå på ei eventuell premiering – det kjem dei tilbake til.</li> </ul>	<p>Fau-leiar snakkar med Synnøve Malkenes</p> <p>Rektor følgjer opp.</p>
<p><b>Saker frå Elevrådet</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje saker frå elevrådet.</li> </ul>	
<p><b>Saker frå SFO</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Katrine informerte om at bemanningsnorma på SFO vil bli endra til frå dagens norm på 14 barn til 14-16 barne pr. tilsett. SFO-leiar uttrykte bekymring for utfallet og at tilbodet barna vil få som følgje av vedtaket vil bli svekka. Det er vanskeleg å få til eit innhald i tråd med ny rammeplan når bemanninga i tillegg blir redusert. I tidlegare Fjell kommune låg bemanningsnorma på 12 barn/tilsett.</li> <li>• SFO leiar informerte litt om planane vidare framover våren. Først ut er 17. mai og aktivitetar i samband med feiring av nasjonaldagen. Her tenkjer ein korhortvis men skal få til gode og positive aktivitetar for barna.</li> </ul>	<p>SFO-leiar</p>
<p><b>Eventuelt. Ikkje saker</b></p>		
